

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 08.03.2023  
**FRÅ:** Administrerende direktør Jon Bolstad  
**SAKSHANDSAMAR:**

**SAKA GJELD:** **Administrerende direktør si orientering, pkt. 2 Deltaking i internasjonalt samarbeid – status**

**ARKIVSAK:** 2022/704  
**STYRESAK:** 06/23

**STYREMØTE:** 15.03.2023

---

### Oppsummering

Sjukehusapoteka Vest (SAV) er i gong med å etablere ein samarbeidsavtale med Helse Bergen, Avdeling for internasjonalt samarbeid og Kamuzu Central Hospital i Malawi. SAV sitt bidrag inn i dette arbeidet vil være retta mot drift av publikumsapotek, medisinerom på sengeposter samt legemiddellogistikk inn mot ein sentral, statleg legemiddelgrossist.

Det er og utarbeid Retningslinjer for deltaging i internasjonalt samarbeid for å få til koordinert og føreseieleg handsaming av førespurnader som kjem til føretaket om deltaging i internasjonalt samarbeid.

### Fakta

Ein viser til styresak 07/22 av 17.03.2022 der styret fekk seg førelagt planar for vidare arbeid med deltaging i internasjonalt samarbeid i Sjukehusapoteka Vest (SAV).

### ***Samarbeid med Helse Bergen, Avdeling for internasjonalt samarbeid***

SAV har hatt fleire dialogmøter med Avdeling for internasjonalt samarbeid (AIS), Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen for å engasjere seg i det internasjonale samarbeidet som er bygd opp der. Ein såg bl.a. føre seg deltaking i arbeid ved Mnazi Mmojo Hospital (MMH) på Zanzibar i Tanzania. Av ulike årsaker, bl.a. eit leiarbyte ved MMH, vart det likevel ikkje mogleg

å få dette til. Det er likevel aktuelt for SAV å delta i andre prosjekt ved AIS, og ein ser no på korleis SAV kan bidra inn mot utviklingsarbeid ved Kamuzu Central Hospital (KCH) i Malawi.

KCH er det nest største sjukehuset i Malawi, er eigd av staten, og har ein kapasitet på 750 senger. Prosjektet har fleire norske offentlege og private bidragsytarar, bl.a. Oslo Universitetssykehus, Universitetssykehuset i Nord-Norge, Haukeland Universitetssjukehus, Universitetet i Bergen samt Trond Mohn, Bergen. Våren 2023 skal det bl.a. opnast ein ny sjukehusdel som omfattar ei nevrokirurgisk eining og eit traumesenter. SAV sitt bidrag inn i dette arbeidet vil være retta mot drift av publikumsapotek, medisinrom på sengeposter samt legemiddellogistikk inn mot ein sentral, statleg legemiddelgrossist.

Ein arbeidar vidare med å få til dette samarbeidet, der det og kan vera aktuelt å trekke inn Farmasøyter Uten Grenser (FUG) som bidragsytar.

### ***Retningslinjer for deltaking i internasjonalt samarbeid***

For å få til ei meir koordinert handsaming av førespurnader om deltaking i internasjonalt samarbeid, herunder førespurnader frå FUG, er det utarbeid retningslinjer som skal gjelde i SAV. Desse legg opp til at HR- og org. avdelinga skal ha det administrative ansvaret for handsaming av førespurnader medan Fagavdelinga ved Driftsforum skal stå for den faglege vurderinga. I denne vurderinga skal ein og ta omsyn til kor vidt det er mogleg å delta i det internasjonale arbeidet ut frå driftssituasjonen i apoteka, og ei budsjettmessig vurdering.

Det vil blir lagt opp til ein finanseringsmodell som byggjer opp under SAV si prioritering av deltaking i internasjonalt samarbeid i tråd med føringar frå styret.

Retningslinjer er handsama i SAV leiarmøte 26.01.2023, og drøfta 22.02.2023.